**UNIVERSITETET I BERGEN**
**DET PSYKOLOGISKE FAKULTET**
**INSTITUTTRÅD VED Institutt for pedagogikk**

Arkivsaksnr.:2011/1246

---

Møtet vart helde onsdag 28. september kl 9.15-11.00 på møterom 425, Vektergården.

---

<u>Medlemmer til stede</u>
Gruppe A: Rune Krumsvik, Marit Ulvik, Steinar Bøyum, Kariane Westrheim
Gruppe B: Astrid Tolo
Gruppe C: Øystein Steine Larsen
Gruppe D: Ingen

Forfall: Arild Raaheim, Magnhild B. Thomassen
Observatører: ingen
Sekretær: Øystein Steine Larsen

**REFERAT:**

| | | |
|---|---|---|
| **I** | **11/1246** | **GODKJENNING AV SAKSLISTE**<br>Sakslista vart godkjent. |
| **II** | **11/1246** | **GODKJENNING AV REFERAT**<br>Referatet frå møte 23. august vart godkjent. |
| **III** | **11/1246** | **FULLMAKTSSAKER**<br>Ingen fullmaktsaker |
| **IV** | **11/1246** | **ORIENTERINGSSAKER**<br><br>1. Strategisk plan for 2011-2015<br>*Strategisk plan for fakultetet er no vedteken. Svært brei og inkluderande.*<br>2. Evaluering av ordningen med forskerskoler ved UiB - vidare prosess for IPED<br>*Det er viktig for instituttet å få tildelt ei professor II-stilling til våre fagmiljø. Forskarskulane ved fakultetet har fått øyremerka ei professor II-stilling kvar, medan IPED som er involvert i to nasjonale forskarskular ikkje har dette ennå grunna den nasjonale forankringa.*<br>3. Midtveisevaluering - erfaringer med ordningen og fremtidig organisering<br>*Fakultetet vil halde fram med midtvegsevaluering, men vil generelt nedskalere formatet noko. IPED vil ha ansvaret for midtvegsevaluering av fakultetet sine Phd.-kandidatar knytt til NAFOL og NATED. Fakultetet vil utarbeide meir presise skildringar gjeldande kriteriene for midtvegsevaluering, kva ein skal kommentere og kva dei skal innehalde. Etter konkretisering av retningslinjer ved fakultetet vil instituttrådet vedta meir konkrete retningslinjer for midtvegsevalueringa ved IPED. Instituttrådet var positive til å nedskalere noko ved å gå ned frå 2 til 3 personar i komiteen slik at ein ender opp med 1 ekstern og 1 intern komitemedlem. IPED er ellers nøgd med hovudskissa for modellen slik den har vore til no.*<br>4. Innstilling fra komité: Presisering av retningslinjer for ph.d.-graden: utarbeidelse av avhandlingens sammendrag/kappe<br>5. Revidert studieplan for psykologprogrammet<br>6. Endring av opptaksreglement, Praktisk pedagogisk utdanning (PPU)<br>7. Emnebeskrivelse for nytt emne i forskningsmetode i studieprogrammet erfaringsbasert master i undervisning<br>8. Tilsetting - førsteamanuensis i pedagogikk (U-ped.)<br>9. Stipendiatsøknadar – IPED |

| | | |
|---|---|---|
| | | *Instituttrådet oppfordrer forskingsgruppene ved instituttet til å arbeide aktivt med rekruttering, til dømes gjennom å invitere masterstudentane på pedagogikk til lunsjsamlingar for å presentere seg og vise interesse. Andre nære arenaer for rekruttering er til dømes veilederstudiet, utdanningssosiologi ved UiB og master i pedagogikk ved NLA.*<br>10. Forskingsseminaret for IPED, 28. og 29. november<br>*Instituttleiar vil utfordre forskingsgruppeleiarane til å komme med innspel. Tidlegare år ved felles forskingssamlingar for fagmiljøa ved instituttet har ein fokusert mykje på framtida og forskingsprosjekt ein er i startgropa på. Instituttrådet ønsker denne gongen eit sterkare fokus på resultat. Kva har me funne av forskingsresultat? Kva er toppen av forskingsprosjekt me har gjennomført? Det bør fokuserast sterkt på fagleg innhald. Det kan også vere ynskeleg å få presentert resultat frå dei nyare miljø ved instituttet som driv med grunnforsking. Det vil også vere ønskeleg at dei som er nytilsette i haust presenterer eigne forskingsresultat frå tidlegare av.*<br>11. Rektorskulen - kort orientering om status<br>*Astrid Tolo orienterte om status for rektorskulen der ein pr. no har to opptak igjen av kontrakten med Utdanningsdirektoratet.*<br>12. Bistillingar ved Det psykologiske fakultet<br>13. Tilsetting professorat i pedagogikk - vidare prosess<br>14. Utlysing av professorat i pedagogikk - vidare prosess<br>15. HMS-dagen for IPED<br>*Det blir ein halv dags HMS-seminar den 16. november. Ein starter med felles lunsj og HMS-møte, går over til fordrag m/ Frode Thuen og avslutter med frivillig gåtur.*<br>16. PhD-Days, NATED<br>*17.-19. Oktober i Oslo.*<br>17. Budsjettinnspel til fakultetet frå IPED - vidare prosess<br>18. Markering av faste tilsette som sluttar hjå IPED 2011/2012<br>*Dei næraste fagmiljøa følger opp markeringar etter samråd med instituttleiinga.*<br><br>Rådet tek dei vedlagte og muntlege orienteringssaker til etterretning. |
| **Sak 15/11** | **11/10478** | **Oppnemning av skolerepresentant i LU-PS**<br><br>**Vedtak:**<br>Institutt for pedagogikk oppnevner Inger Sagvaag (Olsvikåsen videregående skole) som ny skolerepresentant i LU-PS for perioden august 2011 til juli 2012. |
| **Sak 16/11** | **10/11255** | **Retningslinjer for emeritus/emerita-stillingar ved IPED og Det psykologiske fakultet**<br><br>**Vedtak:**<br><br>Institutt for pedagogikk støtter dei utarbeida retningslinjene for personaloppfølging og seniorpolitikk ved Det psykologiske fakultet og implementerer søknadsskjemaet om avtale for emeritus-status i si handsaming av emeritus-status hjå personale med tilknytning til instituttet. |
| | | **Eventuelt**<br>Ingen saker |

Rune Krumsvik
Instituttleiar

Øystein Steine Larsen
Sekretær